

## **Instedalen Storvald**

### **Info om hjortejakta 2023**

1. **Fellingsløyve** for kvart jaktfelt er utrekna ifht den nye bestandsplanen for heile Sunnfjord kommune 2023-2025 (sjå eige dokument). Fellingsløyver for Instedalen Storvald er auka frå 50 dyr til 65 dyr i neste 3 årsplan. I bestandsplanen finst der eit detaljert oppsett for den retta avskytinga ifht alder og kjønn på dyra og dette er tatt omsyn til så godt det let seg gjere i kvotetildelinga for dei 15 ulike jaktfelta – (sjå eige dokument)
2. For dei jaktfelt som har skutt sin kvote kan det søkast om fleire løyve, for vi veit at lang frå alle tildelte dyr blir felt. Søknaden rettast til Gudmund Eimhjellen.
3. **Skrapdyrvektene** (slaktevekt) er som fylgjer: Ho-kalv: 20 kg - dyr skutt etter 10 oktober. Hann-kalv 22 kg - dyr skutt etter 10 oktober. Vaksne hodyr (ungdyr) 40 kg. Vaksne hanndyr (ungdyr) 42 kg.  
Alle skrapdyr skal meldast inn til ein av kontaktpersonane under for kontroll.  
Kontaktpersonar for hjorteforvaltninga i Øvre Naustdal Utmarkslag er  
Gudmund Eimhjellen mobil 48144765,  
Anders Neset mobil 95198502  
Narve Fimland mobil 91640273
4. Vi minner om kravet om avtale om **ettersøkshund**. Naustdal ettersøksring vaktnummer mobil 99153463, men det enkelte jaktfelt kan gjere avtale med andre ekvipasjer som har godkjent ettersøkshund med førar.
5. Vi minner igjen om kravet om at all jakt og fellingar utan opphold skal meldast på «Sett og Skutt»

Før Øvre Naustdal Utmarkslag.  
Styret.